



ÅRSMØTE I SYVDE IDRETTSLAG

Tysdag 13. februar. 2018 kl 20.00

Sakliste

1: Godkjenne dei som har stemmerett

2: Godkjenne innkalling og sakliste

3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka

4: Årsmeldingar

5: Rekneskap

6: Medlemskontingent

7: Organisasjonsplan

8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2017

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- styremedlem Aud Oddveig Nygård
- kasserar Merete Vatne
- sekretær Per Magne Sjørdal
- styremedlem Torfinn Arnesen

Varamedlemar:

- Eivind Lars Øvregård
- Terje Eikrem

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Magne Vik ilag med Øyvind Eikrem og Kurt Torvanger.

Styret har hatt 7 styremøte, og evalueringsmøte etter Blåfelden Rett Opp. Leiar har delteke på eit par møte i nemda for Kosterikjedagane 2017 og på årsmøtet i Vanylven Idrettsråd.

Styret hadde eit fellesmøte med Øverberg skisenter og Turgruppa rett etter Årsmøtet.

Idrettslaget har hatt 148 medlemar, som er kraftig nedgang frå året før.

I oktober arrangerte idrettslaget Fyrstehjelp kurs for sine medlemar. 7 stk. deltok og dei fekk ei god innføring i bl.a. Hjerte Lungeredning.

Vi har fått laga ei utstyrskasse på Blåfelden som skal romme div utstyr vi treng i samband med Blåfelden Rett Opp. Blant anna teltstenger til eit nyinnkjøpt «popup telt» som kan fungere som ly for løperar og funksjonærar. Det vart også frakta opp staur til merking- sikring av løypa.

Ubedne gjestar tok seg inn i varmestova og tok med seg noko verktøy og koppar som er tenkt til premie til Øverberggrondå. Dei braut også opp kassa for parkeringsavgift. Saka vart oppklara og det som vart stole er levert tilbake. I ettertid har vi innført VIPPS på Øverberg skisenter for betaling av parkeringsavgift og løypestøtte, pengekassa vil verte fjerna. Ordninga med VIPPS fungerer meget bra. Etter at informasjonstelefonen vart avslutta vert all informasjon om løypekøyring og aktivitet på Øverberg publisert på facebookside til idrettslaget. Dette fungerer no flott og vi får gode tilbakemeldingar på servicen.


Ein sykkelinteressert gjeng med Steinar Arne Nordal i spissen, tok kontakt med leiar om å få designa ei sykkeltrøye som profilerte Syvde IL. Dei ville stå for alt arbeidet og dette var eit engasjement som styret ikkje kunne seie nei til. I løpet av sommaren laga dei eit utkast og det var muleg å bestille trøye, shorts, vest mm.

Idrettslaget har eit samarbeid med Vanylven kommune om utlån av friluftsutstyr. Det vart tildelt kr. 30.000.- til kvart idrettslag og styret vedtok kva utstyr som skulle innkjøpast i Syvde. Utstyret er lagra på Øverberg og vi må finne gode rutiner for utlån. Vi har ansvaret for to pulkar, to beremeiser, eit fjelltelt og fire liggeunderlag. Mange av rutene i fjella våre er ferdig merka, og ruta Lisjerøfsdalen rundt vil vere ferdig merka sommaren 2018. Det står igjen å merke frå toppen av Jolehornet til Ågotvatna.

Styret si viktigaste oppgåve i året som gikk var å arrangere **Blåfelden Rett Opp**. Løpet vart arrangert 3. juni og det vart ein fin dag på Blåfelden. Det var litt kjøleg frå morgonen men temperaturen steig utover dagen. Det vart ein dag med ny deltakarrekord, 75 stk. deltok i konkurranseklassa, i mosjonklassa deltok 239. 6 stk. representerte Syvde idrettslag i konkurranseklassa. Blåfelden Rett Opp var det fyrste løpet i SparebankenMøre motbakkeCup. Therese Sjursen og Thorbjørn Ludvigsen, som begge to er blant landets beste motbakkeloperar var raskast til toppen. Thorbjørn Ludvigsen utklassa alle med tida 36.23 og slo den gamle løyperekorden med 1 min. 34 sekund. Tord Asle Gjerdalen var invitert til Kosterikjet, han fekk ein tung dag opp Remen og sprang inn til 42 plass. Han er ein positiv kar og gikk rundt på Blåfelden og snakka med mange og folk nytta høvet til ein selfie med Tord. Han deltok også under premieutdelinga og som vanleg var det mykje folk samla under seansen i teltet. Tittelen «Beste kost», d.v.s. beste kvinnelige og mannlige utøvar som opphavelag stammar frå Kosterikjet vart Iren Nordal og Karl Idar Vik som fekk kvar si hue med påskrift «Blåfeldkost 2017». Lagkonkurransen vart ein suksess med 8 lag, derav 1 damelag. Herrelaget som stakk av med sigeren var Blikk, Stikk & Teknikk og ekstra stas var det at det einaste damelaget var jenter frå Syvde som kalte seg 6140 Syre.



6140 Syre



Diagrammet syner utviklinga til «Blåfelden Rett Opp»

Fjelltrimmen: Vi har notert 3623 registreringar ei jamn auke frå 2014 og 24 personar har besøkt alle postane ein eller fleire gongar.

Årets Fjellgeit vart Sølvi Midtbø (5) og Årets Fjellbukk vart Frode Myrvoll. Mellom dei yngste fjellvandarane hadde Anna Kristin Øvregård Thue (4), Linnea Ekremsæter Eikrem (3) og Amalie Anni Ervik Røys (5) flest poeng. Kenneth Halse Eikrem vann hotellweekend sponsa av COOP, premien vart trekt ut mellom medlemar som har besøkt alle postane i løpet av året. Styret organiserte bytting og teljing av bøkene.



Per dato har 46 personar valgt Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel, xx personar kjøpte sesongkort parkering, x privat personar støttar løypekøyning på Øverberg i tillegg til Blomsterkjellaren i Syvde.

Styret har ikkje full oversikt over kven av våre medlemmar som har representert idrettslaget på ulike idrettsarrangement i løpet av året, men vi veit at det har vore deltakelse i bl.a. Birkebeinerrittet og Hovda Rundt. Her var det mange gode prestasjonar og vi har teke med bilete frå Birkenbeinerrittet.



Styret til slutt takke for innsatsen til dei som har delteke i styret og nemder og som no seier nei til attval. Takk til all dokke som støttar idrettslaget med sponsormidlar, og TUSEN TAKK til alle dokke som bruker noko av fritida på å holde hjula igong.

For styret: Atle Midtbø- leiar

Årsmelding Øverberg skisenter



Driftsstyret har i 2017 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Rolf Åge Sjørdal

Sesongen 2017 var snøfattig i løypetrasseområdet. Første turen var køyrd 15.januar. Det vart køyrt nokre turar med trakkemaskin og i tillegg nokre med snøscooter. Det var totalt likevel fleire helger med muligheter for skiturar.

Det vart i løpet av sesongen aldri nok snø til å køyre skitrekket.

I løpet av hausten har Arild gått over heile løypenette, inklusive Huldreløypa og komplettert med nye stikker. Det viser seg nødvendig å gå runda kvart år, spesielt Huldreløypa. Stikkene bles ned eller knekk, og nye må på plass skal det vere trygt å køyre når snøen kjem.

Det har elles vore standard pleie av trakkemaskina med filterskifte, oljeskifte og diverse ettersyn. Også denne sommaren såg ein at det var feil med batteria til trakkemaskina, og fekk nok ein gong nye batteri etter reklamasjon.

Arild Midtbø-leiar-

Årsmelding Turgruppa:



2017 har vore eit heller dårleg år når det gjelder aktivitet i turgruppa.

Vi fekk gjennomført ein meget vellykka tur til Myrkevasstinden 1. påskedag i strålande ver, 6-8 personar deltok på denne turen.

Etter det har det vore stilt fram til no på nyåret. Då vart turgruppa leig inn for å hjelpe til med ein skidag for ungdommar i Vanylven. Denne blei uheldigvis avlyst pga lite påmeldingar. Tilbodet om å hjelpe til står framleis ved lag frå turgruppa si side og vi håper det kan bli eit nytt forsøk.

Vi vonar at 2018 kan bli eit år med mykje meir aktivitet i turgruppa. Vi har i fleire år hatt planar om å prøve å utvide horisonten litt og ta nokon turar i Volda/Ørsta/Hornindal området.

Vi vonar og at vi kan få til nokon lav terskel turar som heile familien kan ta del i.

-Turgruppa-

Sven Tore SørDAL

Årsmelding uteTREning med puls



UteTREningsgruppa starta på sitt 3.år med ei frisk utetrening den 2. januar 2018.

I 2017 hadde vi heile 49 utetreningar.

Treningstida har vore som før; tirsdag frå kl 19-20, med Sara, Aud og Siv som leiarar.

Vi har holdt til i diverse fjellveggar og på Eidsåvoll, men aller mest på uteområdet ved Myklebust skule.

Vi har etterkvart vorte ei stabil treningsgruppe, og vi er ca 6-10 damer/jenter stk på kvar trening.

Styrketrening med kettlebells, minibands eller kroppsvekt, HIT (høg-intensiv-trening), motbakkeintervaller og tøyning er noko av det vi har drive med. Vi likar frisk luft, og vi likar høg puls.

Treninga er gratis for medlemmar i Syvde IL.

For uteTREnings gruppa – Siv Vik

Årsmelding Herretrim

Treningsdag er onsdag, gymsalen på Mykklebust skule og tidspunktet har vorte endra til kl 19.00 til 20.30. Vi har trent styrke – kondis og stabiliseringsmuskulatur og toppar økta med eirunde innebandy.

Varierende oppmøte frå 3 til 7-8 personar. Vi har hatt 19 treningar.

-Atle-

SYVDE IDRETTSLAG 2017- 2018

(Dei som er merka raudt er på valg)

STYRET			
Leiar	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
Styremedlem	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Per Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
Styremedlem	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
Styremedlem	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
Vara 1	Eivind Lars Øvregård		eivindlars@yahoo.no
Vara 2	Terje Eikrem	99558968	terjeeikrem@outlook.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG			
Leiar	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
TURGRUPPE			
Leiar	Sven Tore Sørдал	90990298	sordall@hotmail.com
	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
	Roar Oseberg	47416693	osebergmek@tussa.com
VALNEMD			
Leiar	Magne Vik	97147096	magne69vik@gmail.com
	Kurt Jarle Torvanger	97609464	kurttorvanger@hotmail.com
	Øyvind Eikrem	91872036	oyvindeikrem@hotmail.com
REVISOR			

	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTREning med puls			
	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com
	Siv N. Vik	91891815	siv.vik@comfort.as
Herretrim			
	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund		asklun@gmail.com

SYVDE IDRETTSLAG 2018- 2019. Forslag til styre og nemder årsmøte 13 februar 2018

(Dei som er merka raudt har teke gjenvalg eller er nye)

STYRET			
Leiar	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
Styremedlem	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Karoline Lundås	90870942	NY
Styremedlem	Robert Midtbø		NY
Styremedlem	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
Vara 1	Eivind Lars Øvregård		eivindlars@yahoo.no
Vara 2	Terje Eikrem	99558968	terjeeikrem@outlook.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG			
Leiar	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Rolf Åge Sørðal	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
TURGRUPPE			
Leiar	Sven Tore Sørðal	90990298	sordall@hotmail.com
	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
	Kåre Nygård	47275126	NY
VALNEMD			
Leiar	Magne Vik	97147096	magne69vik@gmail.com
	Kurt Jarle Torvanger	97609464	kurttorvanger@hotmail.com
	Øyvind Eikrem	91872036	oyvindeikrem@hotmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTREning med puls			
	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com

	Siv N. Vik	91891815	siv.vik@comfort.as
Herretrim			
	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund		asklun@gmail.com